

HØLE SFO

Årsplan 2026/2027



Ein trygg stad å vere

Små augeblink – store opplevingar

Innholdsfortegnelse

PERSONALET I SFO	3
KVALTETESUTVIKLING	3
Barnas miljø	3
Aktivitetskvalitet	3
Leiing	4
FORMÅLET MED VERKSEMDA	4
SFO I EIT FRITIDSPERSPEKTIV OG DEI VAKSNE SI ROLLE	4
Trygge og tilgjengelege vaksne	4
Rom for eigne val	5
STYRING OG SAMARBEID	5
Overgang frå barnehage til skule og SFO	5
Samarbeid på skulen	6
SAMARBEID MED FØRESETTE	6
FORVENTNINGAR TIL FØRESETTE	6
FORVENTNINGAR TIL PERSONALET	7
FORELDRERÅDET SITT ARBEIDSUTVAL (FAU)	7
VERDIAR OG HALDNINGAR VED HØLE SFO	8
Å bli sett og høyrd	8
Plass til å vere forskjellig	8
DEN VIKTIGE LEIKEN	8
Tid og rom for fri leik	9
Dei vaksne si rolle i leiken	9
MAT OG MÅLTIDSGLEDE	9
Barna får delta	9
Den gode stunda rundt bordet	9
FYSISK AKTIVITET OG BEVEGELSESGLEDE	10
Aktivitet skal vere kjekt	10
Eit eige tilbod for dei eldste	10
KULTUR, KREATIVITET OG LESELYST	10
Leselyst og gode leseopplevingar	11
VEKEPLAN	11
SKULEFRI	12
TILBOD I SKULEN SINE FERIAR TIL DEI MED DELT Plass (1. 2. og 3.klasse)	13

Høle SFO er ope frå klokka 7 og stengjer klokka 16.30. I skulen sine feriar kan me ha redusert opningstid.

I skuleåret 2026/2027 vil SFO vere ein boltreplass for 25 barn.

PERSONALET I SFO

Ute Kissmann

Kirsten Marie Fløysvik Seldal

Camilla Torp Skretting

Mona Øvregård

KVALITETESUTVIKLING

Skulen arbeider systematisk med kvalitetsutvikling i SFO, med rammeplanen som grunnlag. Personalet nyttar Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakkar som støtte i dette arbeidet. Det blir sett av tid til felles refleksjon og faglege samtalar om rammeplanen sine verdiar, innhald og mål, og om korleis vi kan vidareutvikle kvaliteten i tilbodet vårt.

Barnas stemme er ein viktig del av kvalitetsarbeidet. Dei vaksne skal vere lydhøyre for det barna uttrykkjer om eigen kvardag, trivsel og oppleving av fellesskapet i SFO. Barnas erfaringar og synspunkt skal takast på alvor og vere med på å påverke utviklinga av tilbodet.

Barnas miljø

Eit trygt og inkluderande miljø er grunnlaget for ein god SFO-kvardag. Vi arbeider for at alle barn skal oppleve tilhøyrslø, trivsel og tryggleik, og ha nokon å vere saman med. Dei vaksne skal vere til stades, sjå det enkelte barnet og bidra aktivt til gode relasjonar mellom barna. Vi er særleg merksame på barn som kan falle utanfor leik og fellesskap. Barnas eigne opplevingar og synspunkt er viktige når vi vurderer miljøet i SFO og kva vi kan gjere betre.

Aktivitetskvalitet

Aktivitetane i SFO skal ta utgangspunkt i barna sine interesser, behov og føresetnader, og gi rom for både leik, fysisk aktivitet, kreativitet, kultur og ro. Vi legg vekt på at barna skal få varierte opplevingar og samtidig ha tid og fridom til sjølvvald leik. God aktivitetskvalitet handlar ikkje berre om kva aktivitetar vi tilbyr, men også om korleis dei vaksne legg til rette, deltek og støttar barna. Vi vurderer jamleg om aktivitetane skaper engasjement, meistring, inkludering og glede.

Leiing

God leiing er viktig for å utvikle og sikre kvaliteten i SFO. Leiinga skal skape ei felles forståing av rammeplanen og sørge for at verdiane og måla i planen blir synlege i den daglege praksisen. Det skal leggjast til rette for samarbeid, faglege samtalar, refleksjon og vurdering av eigen praksis. Leiinga har også ansvar for å involvere personalet i utviklingsarbeidet og bidra til at alle vaksne er bevisste på korleis dei påverkar barna sin trivsel, utvikling og oppleving av SFO-kvardagen.

FORMÅLET MED VERKSEMDA

Arbeidet i Høle SFO er forankra i Rammeplan for SFO, nasjonale føringar og Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Sandnes kommune. Desse legg grunnlaget for innhaldet i tilbodet og for korleis vi arbeider for å skape ein trygg og god SFO-kvardag for barna.

Høle SFO er eit fritidstilbod for barn frå 1. til og med 4. trinn, og for barn med særskilde behov frå 1. til og med 7. trinn.

Barn som har takka ja til SFO, behaldar plassen fram til 30. juni det året barnet går ut av 4. trinn. Det er éin månads oppseiingstid på SFO-plassen. Dette gjeld også ved reduksjon av plassen.

SFO skal vere ein trygg og inkluderande arena der barna opplever omsorg, trivsel, fellesskap og meistring. Innhaldet skal ta utgangspunkt i barna sine behov, interesser og føresetnader og gi rom for lek, vennskap, fysisk aktivitet, kreativitet, kultur og kvile.

Leiken har ein sentral plass i SFO. Barna skal få tid og rom til å leike, utforske og vere med på å påverke sin eigen fritid. Gjennom lek og aktivitet får barna utvikle vennskap, sosiale ferdigheiter og oppleve glede og meistring saman med andre.

I nært samarbeid med heimen og skulen skal SFO bidra til heilskap og samanheng i barna sin kvardag. Vi skal møte barna med trygge og omsorgsfulle vaksne og leggje til rette for eit stimulerande miljø der alle barn får høve til å delta og kjenne at dei høyrer til.

SFO I EIT FRITIDSPERSPEKTIV OG DEI VAKSNE SI ROLLE

SFO er ein viktig del av barna si fritid. Etter ein skuledag med undervisning og vaksenstyrte aktivitetar skal SFO gi rom for lek, vennskap, aktivitet, kvile og eigne val. Barna skal få oppleve glede og trivsel og ha tid til å vere saman med vener og halde på med det dei sjølve er interesserte i.

Hos oss har den frie leiken ein sentral plass. Vi ønskjer at SFO skal vere eit pusterom mellom skuledagen og organiserte fritidsaktivitetar på ettermiddagen. Derfor set vi av god tid til sjølvvald lek og legg til rette for at barna kan velje mellom ulike aktivitetar innanfor dei rammene vi har. Barna får øve på å ta eigne val, utvikle sjølvstende og samhandla med andre, utan at dei vaksne styrer meir enn nødvendig.

Trygge og tilgjengelege vaksne

Dei vaksne har ei viktig rolle i barna sin SFO-kvardag. Vi skal vere til stades, sjå, lytte, observere, støtte, rettleie, oppmuntre og trøyste. Gjennom å bli godt kjende med barna lærer vi kva det enkelte barnet treng.

Behova kan vere ulike. Nokre barn treng hjelp til å finne sin plass i leiken eller kome inn i eit fellesskap. Andre treng ekstra omsorg, støtte eller ein roleg stad å vere. Nokre klarer seg godt på eiga hand og ønskjer minst mogleg innblanding frå dei vaksne. Vår oppgåve er å vere merksame på desse forskjellane og møte kvart enkelt barn på ein god måte.

Vi skal vere nærverande utan å ta over leiken. Samtidig skal vi gripe inn og støtte når barn treng hjelp, eller når vi ser at nokon står utanfor fellesskapet.

Rom for eigne val

Vi tilbyr og legg til rette for varierte aktivitetar, men barna bestemmer i stor grad sjølve om dei ønskjer å delta. Det betyr at SFO-kvardagen kan sjå svært ulik ut frå barn til barn, og det er heilt greitt. Nokre ønskjer å delta på mange organiserte aktivitetar, medan andre helst vil bruke tida på fri leik saman med vener.

På Høle SFO kan barna mellom anna velje mellom fysisk aktivitet, fotball, baking, forming, dans, handarbeid, snekring, konstruksjonsleik, Lego, teikning, lesing, brettspel og ulike rolle- og fantasileikar. Vi nyttar også gymsalen og uteområda aktivt, og syklane våre er populære når vêret og årstida tillèt det. I skuleferiane har vi betre tid til lengre aktivitetar og turar i nærmiljøet, til dømes til sjøen eller skogen.

Målet vårt er å skape ein trygg, inkluderande og variert fritidsarena der barna får vere aktive, kreative og sosiale, men også får høve til å trekkje seg tilbake og finne ro. Framfor alt skal Høle SFO vere ein stad der barna trivst, opplever tilhøyrslø og får vere med på å forme si eiga fritid.

STYRING OG SAMARBEID

Høle SFO er ein del av verksemda ved Høle skule. Rektor har det overordna ansvaret for skulefritidsordninga, medan SFO-leiar har ansvar for den daglege drifta og utviklinga av tilbodet.

Eit godt samarbeid mellom SFO, skule, barnehage, føresette og andre fagpersonar er viktig for å skape tryggleik, heilskap og samanheng i barna sin kvardag.

Overgang frå barnehage til skule og SFO

Vi legg stor vekt på å skape ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og SFO. Om våren blir det gjennomført overføringsmøte mellom barnehagen og skulen/SFO. Her blir relevant informasjon om barna og barnegruppa delt, slik at vi kan vere best mogleg førebudde på å ta imot dei nye førsteklassingane.

Før sommaren inviterer SFO dei nye barna og føresette til eit uformelt treff med lapskaus. Barna får bli litt kjende med dei vaksne, lokala og miljøet på SFO, medan føresette får høve til å møte oss og stille spørsmål. Målet er at både barn og vaksne skal kjenne seg tryggare før skulestart.

Samarbeid på skulen

SFO samarbeider tett med lærarar, sosiallærar og andre tilsette ved skulen. Når vi deler erfaringar og observasjonar, kan vi få ei meir heilskapleg forståing av det enkelte barnet og betre leggje til rette for ein god kvardag både på skulen og i SFO.

SFO-leiar deltek i skulen si ressursgruppe saman med mellom anna rektor, avdelingsleiar, spesialpedagogisk koordinator, PPT, helsesjukepleiar og sosiallærar.

SFO-leiar har faste møte med skuleleiinga, og personalet i SFO har jamlege personalmøte der vi planlegg, deler erfaringar og reflekterer over eigen praksis.

SFO-leiar deltek også i nettverk med andre SFO-leiarar i Sandnes kommune. Nettverket er ein viktig arena for erfaringsdeling, fagleg utvikling og samarbeid på tvers av SFO-ane.

SAMARBEID MED FØRESETTE

Eit godt samarbeid med føresette er viktig for at barna skal få ein trygg og god kvardag på SFO. Føresette kjenner barnet sitt best, medan vi møter barnet i leik, aktivitetar og samspel med andre barn. Når vi deler informasjon og erfaringar, får vi eit betre grunnlag for å forstå og støtte det enkelte barnet.

Vi ønskjer ein open og låg terskel for kontakt. Føresette er alltid velkomne til å ta kontakt dersom det er noko dei ønskjer å snakke med oss om, anten det gjeld trivsel, vennskap, aktivitetar eller andre forhold som påverkar barnet sin kvardag.

Den daglege kontakten ved levering og henting er også ein viktig del av samarbeidet. Samtidig kan det vere behov for ein telefonsamtale eller eit eige møte dersom det er saker som krev meir tid og ro.

FORVENTNINGAR TIL FØRESETTE

For å kunne gi barna eit best mogleg tilbod er vi avhengige av eit godt samarbeid med føresette. Vi ønskjer at de viser interesse for barnet sin SFO-kvardag og tek kontakt dersom det er noko de lurar på eller ønskjer å snakke med oss om.

Det er viktig at vi får informasjon dersom det skjer noko i barnet sin kvardag som kan påverke trivsel, humør eller behov for ekstra støtte og omsorg. De treng ikkje dele meir enn de sjølve ønskjer, men relevant informasjon kan hjelpe oss til å møte barnet på ein god måte.

Barn som er sjuke, skal vere heime. Ein lang SFO-dag kan vere krevjande når ein ikkje er i form, og det er også viktig å ta omsyn til smitte.

SFO må få beskjed dersom barnet ikkje kjem som vanleg, eller dersom det er endringar i avtalt opphaldstid.

På skulefrie dagar der SFO held ope, sender vi ut påmelding til føresette. Vi ber om at svarfristen blir halden, også dersom barnet skal ha fri. Påmeldingane dannar grunnlaget for planlegging av bemanning, måltid og aktivitetar, og er derfor viktig for at vi skal kunne gi barna eit trygt og godt tilbod.

Eit godt samarbeid byggjer på gjensidig tillit, god kommunikasjon og respekt, med barnet sitt beste som felles mål.

FORVENTNINGAR TIL PERSONALET

På Høle SFO skal barna møte trygge, omsorgsfulle og tilgjengelege vaksne som ser det enkelte barnet og tek barna sine opplevingar på alvor.

De kan forvente at personalet:

- møter barna med respekt, interesse, forståing og omsorg
- er til stades og følgjer med på barna sin lek og aktivitet
- arbeider aktivt for at alle barn skal oppleve tryggleik, vennskap og tilhøyrslø
- grip inn dersom barn blir utestengde, ertar kvarandre eller dersom leiken blir utrygg eller for hardhendt
- støttar og rettleier barna når dei treng hjelp i lek, vennskap eller konflikhtar
- gir føresette relevant informasjon om barnet sin SFO-kvardag og tek kontakt dersom noko har skjedd som vi meiner de bør vite om
- følgjer opp avtalar og beskjedar om barnet si opphaldstid og heimreise
- tek kontakt dersom eit barn ikkje møter på SFO som avtalt
- møter barn og føresette på ein respektfull og profesjonell måte
- overheld teieplikta og behandlar informasjon om barn og familiar på ein trygg måte

Vi ønskjer at føresette skal kjenne seg trygge på at barna blir sett, høyrde og tekne vare på når dei er hos oss.

FORELDRERÅDET SITT ARBEIDSUTVAL (FAU)

SFO skal vere representert i FAU med ein foreldrerepresentant og ein vararepresentant. Representantane bidreg til å ivareta SFO-føresette sine interesser og kan vere eit viktig bindeledd mellom føresette, SFO og FAU.

Føresette med barn i SFO som blir valde som klasserepresentant i FAU, representerer også SFO. Gjennom FAU kan føresette vere med og påverke saker som er viktige for barna sitt skule- og SFO-miljø.

VERDIAR OG HALDNINGAR VED HØLE SFO

Høle SFO skal vere ein trygg og inkluderande fellesskap der alle barn opplever at dei høyrer til. Vi legg særleg vekt på verdiar som respekt, likeverd, inkludering, mangfald, omsorg og medverknad. Desse verdiane skal vere synlege både i måten vi møter barna på, og i aktivitetane og fellesskapet på SFO.

Dei same grunnleggjande reglane for samspel og åtferd som gjeld på skulen, gjeld også på SFO. Samtidig er SFO barna si fritid, og kvardagen skal derfor ha større rom for leik, eigne val og aktivitetar som barna sjølve tek initiativ til.

Å bli sett og høyrd

Barn har rett til å bli høyrde i saker som handlar om dei. Vi skal lytte til barna sine meiningar, erfaringar og ønske og gi dei reell moglegheit til å påverke sin eigen SFO-kvardag.

Medverknad handlar ikkje om at barna skal bestemme alt, men om at dei skal oppleve at det dei seier betyr noko. Dei vaksne har ansvar for å skape gode og trygge rammer, medan barna innanfor desse rammene skal få ta val, kome med initiativ og påverke kva dei ønskjer å bruke fritida si på.

Plass til å vere forskjellig

Barn er ulike og har ulike behov. Nokre ønskjer å vere aktive og saman med mange, medan andre trivst best i mindre grupper eller treng tid for seg sjølve. Nokre ønskjer å delta på aktivitetar saman med vaksne, medan andre helst vil fordjupe seg i eigen leik.

På Høle SFO skal det vere plass til desse forskjellane. Vi ønskjer at barna skal kjenne seg verdsette for den dei er, samtidig som dei får utfordringar, opplever meistring og gradvis utviklar større sjølvstende.

Det skal også vere lov å ikkje ha noko planlagt å gjere heile tida. Barn treng pausar og rom til å finne på ting sjølve. Det er ofte i desse stundene nye idear, leik og fellesskap oppstår.

Dei vaksne skal vere nærverande og tilgjengelege, leggje til rette for gode opplevingar og vere merksame på barna sitt samspel. Vi har eit særleg ansvar for å sjå barn som står utanfor og hjelpe dei inn i leik og fellesskap.

DEN VIKTIGE LEIKEN

Leiken har ein heilt sentral plass i SFO. For barna har leiken verdi i seg sjølv. Dei leiker fordi det er kjekt, spennande og meningsfullt. Samtidig er leiken ein viktig arena for vennskap, fellesskap, utvikling og læring.

Gjennom leik får barna bruke fantasien, vere kreative, utforske og prøve ut idear. Dei lærer å samarbeide, ta initiativ, forhandle, vente på tur, inngå kompromiss og forstå både eigne og andre sine kjensler og grenser. I leiken får barna også erfaring med å handtere usemje og finne løysingar saman.

Tid og rom for fri leik

På Høle SFO ønskjer vi å gi den frie leiken god plass. Barna skal ha tid til å fordjupe seg i leik utan at dei stadig blir avbrotne eller styrte av vaksne. Derfor er vi bevisste på at ikkje heile SFO-dagen skal fyllast med organiserte aktivitetar.

Når barna får tid og rom til å finne løysingar sjølve, kan dei oppleve meistring og utvikle større sjølvstende. Dei vaksne skal vere i nærleiken og følgje med, men vi treng ikkje alltid gå inn i leiken eller løyse problema for barna. Nokre gonger er vår viktigaste oppgåve å gi barna tid til å prøve sjølve.

Dei vaksne si rolle i leiken

Dei vaksne skal leggje til rette for gode leikemiljø og vere merksame på kva som skjer mellom barna. Vi skal vite når vi bør delta, når vi bør støtte og når vi bør halde oss litt i bakgrunnen.

Samtidig har vi eit særleg ansvar for barn som strevar med å kome inn i leik eller fellesskap. Då skal vi hjelpe barnet med å finne ein plass, støtte relasjonar og leggje til rette for gode møte mellom barna.

Gode vilkår for leik krev tid, rom, tryggleik og tilgjengelege vaksne. Derfor skal leiken ha ein tydeleg og viktig plass når vi organiserer SFO-dagen.

MAT OG MÅLTIDSGLEDE

På Høle SFO serverer vi mat kvar dag. Vi ønskjer at måltida skal vere meir enn berre mat. Dei skal også vere ei god sosial stund der barna opplever fellesskap, ro og matglede.

Vi legg vekt på å servere variert og næringsrik mat. På menyen kan det mellom anna stå fiskekaker, fiskepinnar, laks, kjøttkaker med poteter og brun saus, lapskaus, pizza, supper og ulike pastarettar. Vi prøver å velje gode og næringsrike råvarer og serverer grønsaker eller salat til måltida. Fisk står på menyen ein dag i veka.

Barna får delta

Barna får gjerne vere med på kjøkkenet og førebu maten. Dei kan mellom anna skrelle poteter og grønsaker, dekke bord, bake og hjelpe til med enkle oppgåver. For mange er det både kjekt og lærerikt å få bidra til eit måltid som skal serverast til resten av SFO.

Ein dag i veka har vi bakegruppe. Her får barna vere med på heile prosessen frå ingrediensar til ferdig bakst, og det dei lagar får dei ta med seg heim.

Den gode stunda rundt bordet

Vi ønskjer å skape ei god ramme rundt måltidet. Barna har faste plassar, og dei vaksne sit saman med barna og bidreg til ro, gode samtalar og eit inkluderande fellesskap.

Rundt bordet får barna tid til å snakke saman og med dei vaksne. Måltidet er derfor også ein viktig sosial arena der vi kan bli betre kjende, lytte til kvarandre og oppleve fellesskap.

Målet vårt er at barna skal forbinde måltida på SFO med god mat, gode samtalar og hygge rundt bordet.

FYSISK AKTIVITET OG BEVEGELSESGLEDE

Barn har eit naturleg behov for å vere i aktivitet. På Høle SFO ønskjer vi å leggje til rette for at barna får oppleve glede ved å bruke kroppen, både gjennom fri lek og organiserte aktivitetar.

Vi har gode uteområde som gir mange moglegheiter for variert fysisk aktivitet. Her kan barna springe, sykle, hoppe tau, spele fotball, leike tikken og finne på eigne leikar. Den frie uteleiken gir barna høve til å vere aktive på sine eigne premissar og saman med andre.

Vi nyttar også ballbingen, gymsalen og nærmiljøet til fysisk aktivitet. På tur får barna andre bevegelseserfaringar og høve til å utforske naturen og områda rundt skulen.

Aktivitet skal vere kjekt

For oss handlar fysisk aktivitet først og fremst om bevegelsesglede, meistring og fellesskap. Barna skal få oppleve at det er kjekt å vere i aktivitet, uavhengig av ferdigheiter og føresetnader.

Vi tilbyr ulike organiserte aktivitetar gjennom veka. Det kan vere ballspel, turar, lek i gymsalen og dans. Samtidig skal det vere rom for barna sine eigne initiativ og aktivitetar.

Ein dag i veka har vi danselek i musikkrommet. Dersom det er interesse i barnegruppa, øver vi gjerne inn ein dans som barna kan vise fram på Hølekvelen. Det er sjølvstendig frivillig å delta.

Eit eige tilbod for dei eldste

Ein dag i veka har 4. klasse sin eigen klubb. Då får dei eldste barna eit eige miljø der dei kan vere saman og velje mellom ulike aktivitetar medrekna bordtennis og brettspel.

Klubben skal gi dei eldste barna ei kjensle av å ha noko eige på SFO og bidra til fellesskap og trivsel i gruppa.

KULTUR, KREATIVITET OG LESELYST

På Høle SFO skal barna få møte ulike former for kunst, kultur og kreative uttrykk. Vi ønskjer å gi barna høve til å bruke fantasien, utforske ulike materiale og teknikkar og oppleve gleden ved å skape noko sjølve.

Vi tilbyr jamleg formingsaktivitetar som strikking, hekling, syng, perling, teikning og måling. Gjennom året lagar vi også pynt og kreative arbeid knytte til årstider og høgtider. Vi hentar inspirasjon frå mange ulike kjelder og prøver stadig ut nye idear saman med barna.

På sløydrommet får barna arbeide med tre og ulike verktøy under rettleiing frå vaksne. Her er det rom for både fantasi, kreativitet og meistring, og barna får erfaring med å planleggje og skape noko med eigne hender.

Det er frivillig å delta i dei kreative aktivitetane våre. Nokre barn elsker å lage ting og tek ofte med seg noko heim, medan andre heller vel lek, fysisk aktivitet eller andre interesser. Begge delar er like greitt – SFO skal gi rom for ulike interesser og eigne val.

Leselyst og gode leseopplevingar

Vi ønskjer også å bidra til leselyst og glede over bøker. Vi besøker biblioteket jamleg, og dei vaksne les høgt for barna. Under høgtlesinga kan barna gjerne teikne eller fargeleggje dersom dei ønskjer det.

Høgtlesing gir ei roleg stund i SFO-kvardagen og kan skape nysgjerrigheit, fantasi og gode samtalar. Biblioteket gir også barna høve til å bli kjende med ulike bøker og finne litteratur som passar deira eigne interesser.

Film er også ein del av kulturtilbodet vårt. Nokre fredagar nyttar vi kinosalen på skulen til felles filmstund. Dette gir barna ei hyggeleg fellesoppleving og eit roleg alternativ etter ei aktiv veke.

Gjennom varierte kulturaktivitetar ønskjer vi å gi barna gode opplevingar, skaparglede og moglegheit til å oppdage nye interesser.

VEKEPLAN

I tidsrommet	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
13 - 14	Leik ute	Klubb	Bakegruppe	Sjølvalt leik	Sjølvalt leik
13.30-14.30	Måltid	Måltid	Måltid	Måltid	Måltid
14 – 15.30	Sjølvalt leik	Fysisk aktivitet/ Bevegelsesglede	Sløyd/forming Dans/song	Bibliotek/ leseaktivitetar	Forming/film
15.30 – 16.30	Sjølvalt leik Ryddetid	Sjølvalt leik Ryddetid	Sjølvalt leik Ryddetid	Sjølvalt leik Ryddetid	Sjølvalt leik Ryddetid

SKULEFRI

- [Haustferie](#)

5. – 9. oktober

SFO har ope i heile haustferien.

- [Juleferie](#)

21. desember – 1. januar

SFO har ope alle kvardagar, men stengt julaftan og nyttårsaftan.

- [Vinterferien](#)

15. – 19. februar

SFO har ope heile vinterferien.

- [Påskeferien 22. – 29. mars](#)

SFO har vanleg opningstid måndag 22. og tysdag 23. mars, mens me stengjer SFO kl. 12.00 onsdag 24. mars. Tysdag 30. mars har skulen planleggingsdag, men SFO har ope for dei barna med full plass.

Offentlege høgtidsdagar

- Torsdag 6. mai
- Måndag 17. mai

SFO sine planleggingsdagar

- Måndag 3. august 2026
- Måndag 10. august 2026
- Fredag 13. november 2026
- Fredag 7. mai 2027

SFO har sin siste dag før sommarferien fredag 2. juli og held sommar stengt i vekene 27, 28, 29 og 30.

TILBOD I SKULEN SINE FERIAR TIL DEI MED DELT Plass

skuleåret 2026-2027 (1. 2. og 3.klasse)

Veke 32:	2 dagar
Veke 33:	0 dagar
Veke 41 (haustferien):	2 dagar
Veke 52 (Jule- og nyttårsferie):	2 dagar
Veke 53 (Jule- og nyttårsferie):	2 dagar
Veke 7 (vinterferien):	2 dagar
Veke 12 (påskeferien):	2 dagar
Veke 13 (Påskeferie):	0 dagar
Veke 25: (sommarferie):	2 dagar
Veke 27: (sommarferie):	2 dagar

Føresette kan kjøpe ekstra dagar på heildags SFO. I påmeldingar for heildags SFO vil dei ekstra dagane som blir ført opp vere bindande og bli fakturert i etterkant.

Prisen for ekstra dag er kr. 300,-.

Ønskjer de å kjøpe ekstra dagar i skuleferiane, må påmeldinga leverast innan fristen. Etter fristen er det ikkje mogleg å kjøpe ekstra dagar.

Ta gjerne kontakt på e-post mona.ovregard@sandnes.kommune.no, Transponder eller på mobil 904 73 357 dersom det er noko dykk lure på. Bruk heimesida vår! Der legg me ut kjekke bilete, månadsmeny og anna nyttig info: www.minskole.no/hole